

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 06.12.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Marta Samland, Veslemøy Mjelde, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Ingebjørg Grøtt og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Oddmund Skeie

Referent: Kaia

Sak 2022/79: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/80: Godkjenning av referat frå styremøte 08.11.2022. Godkjent

Sak 2022/81: Eigedomar:

- Reparasjon og forlenging av rekkverk (wire) på kulturstien ved nedgangen til Vassel; Thorleif har vore i kontakt med Jon Olav Håvik, han seier ok til tiltak, reparasjon av wire og støyping av nokre trinn. Vert gjort tidleg vår.

Sak 2022/82: Tilstellingar:

- Julefest i kulturhuset 2. juledag kl. 15.00 ved rode 3. Planlegging er vel i gong, alle er hjarteleg velkomne.
- Bygdelagsbasar 25.02.2023. Det ligg loddbøker på butikken frå laurdag 10.12. Det vert og annonsert Vipps sal på Facebook. Styret tek i mot gevinstar til basaren, tusen takk for alle bidrag!
- Møte på nyåret med lag/arrangørar for planlegging av aktivitetar i 2023 vert tysdag 24.01 kl. 19.00 på kulturhuset. Invitasjon til alle lag og arrangørar over nyttår.

Sak 2022/83: Butikken:

Status i arbeidet for eventuell ny butikk; Forhandlingsgruppa driv med ymse møteverksemd mot Bjørsvik og potensielle nye drivarar.

Sak 2022/84: Økonomi:

Ingen saker.

Sak 2022/85: Nærmiljøanlegget:

- Utbetring av avvik etter tilsyn. Thorleif snakkar med Sigmund og ordnar avvika.
- Forlenging av støttemur ved ballbingen v/Kjell Rune Selsvik, arbeidet pågår.

Sak 2022/86: : Elbil-ladar:

Status; Ole har vore i kontakt med Hardanger Energi, dei har ikkje prioritet på etablering av elbil ladarar. Ole tek dialogen vidare med BKK for å prøve å få dei til å etablere ladestasjon i Herand.

Sak 2022/87: Andre saker/eventuelt:

- Er det kome nye tilflyttarar til bygda i 2022 som skal markerast med blom og bladabonnement? 2 nytilflytta får helsing før jul.
- Temamøte; skal bygdelaget skipa til eit temamøte på nyåret om bustadpolitikk – «hus til folk og folk i husa». Korleis få hus til dei som vil bu i Herand og ungdom til å busette seg?
- Takk til Morten Aasbø for julegrana i båthamna.

Neste styremøte tysdag 10.01.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus